

NVE

Ved sakshandsamar Niklas Egriell

Oversendt pr e-post

Oslo 13. juni 2024

RE ENERGI (RE), GLOPPEN KOMMUNE. HØRINGSFRÅSEGNER TIL MELDING OG FORSLAG TIL UTGREIINGSPROGRAM FOR RE ENERGI. RE ENERGI SINE KOMMENTARAR TIL DESSE.

Bakgrunn

Vi viser til oversending av fråsegner der Dykk ber om tiltakshavar sine kommentarar til desse. Vi har motteke fråsegn frå følgjande:

- Gloppen kommune
- Vestland fylkeskommune
- Statsforvaltaren i Vestland
- Statens vegvesen
- Mattilsynet
- Direktoratet for mineralforvaltning
- Breim Bondelag
- Breim Vilt- og fiskelag
- Norges Miljøvernforbund
- Forum for Natur og Friluft
- Sunnfjord Kajakklubb
- Dagmund Moldestad
- Statnett

Gloppen kommune (vedtak i Samfunnsutvalet 08.05.2024)

SAMF- 040/24 Vedtak Samfunnsutvalet har ikkje merknad til melding med forslag til konsekvensutgreiingsprogram for Re Energi kraftverk

RE sine kommentarar:

Det er positivt at Gloppen kommune tilrår forslag til konsekvensutgreiingsprogram for Re Energi kraftverk.

Vestland fylkeskommune

1. Vi ber difor om at kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap vert teke med som tema i konsekvensutgreiinga. Det er i melding vist til at det er SEFRAK-registrerte hus i området. I tillegg går Den Trondhjemske postveg gjennom området, og bør også vere eit tema i konsekvensutgreiinga.
2. Vestland fylkeskommune ber om at det vert lagt inn i føresegna for konsesjon at undersøkingsplikta jamfør §9 i kulturminnelova skal gjennomførast etter at ev. konsesjon er gitt og i god tid før utarbeiding av detaljplan for miljø og landskap.
3. Fiske og spaserturar er dei vanlegaste aktivitetane i planområdet. Det er nemnt at Storelva blir brukt til elvepadling, men ikkje til rafting. Ei utbygging vil medføra reduksjon i vassføringa. Minstevassføring i sommarhalvåret for å redusere konsekvensar knyt til landskapsoppleving og friluftsliv må utgreiast. Vidare ber vi om utgreiing av tiltak for tilrettelegging på land, som stiar langs elva.
4. Vi gjer merksam på at det finst nye data som er lagt inn i Vannmiljø. Vi legg til grunn at nyaste data nyttast i KU-programmet. Det vert viktig å dokumentere tilstanden i vassdraget før og etter utbygging, både på strekninga med bortført vatn og nedstraums kraftverksutløpet.
5. På side 25 i meldinga står det: «Bygging av et vannkraftverk vil innebære at en stor del av vannføringen i Storelva føres inn på tunnelen til kraftverket, slik at restvannføringen på en strekning på ca. 3,4 km blir vesentlig lavere enn dagens middelvannføring. Dette vil redusere elvestrekningens evne til å fortynne tilførsler fra landbruket (punktutslipp og avrenning fra jordbruksarealer). For å minske problemet med redusert resipientkapasitet og økt eutrofiering planlegges det å føre utløpet fra reinseanlegget direkte inn på tunnelen til kraftverket, samt gjennomføre ytterligere tiltak knyttet til landbruket i området.» I neste avsnitt står det «Tiltakshaver er av den oppfatning at AsplanViaks konsekvensutredning fra 2011 relevant og dekkende ift. den justerte utbyggingsløsningen. Det er derfor ikke foreslått nye utredninger». Vi gjer merksam på at det finst nyare data som er lagt inn i Vannmiljø. Mellom anna har Gloppen kommune eit overvakingsprogram knytt til utsleppsløyvet for Byrkjelo reinseanlegg, og i 2023 er det data for både vassprøver (totalfosfor m.m.), påvekstalgar (PIT) og botndyr (ASPT).

Det er likevel viktig å dokumentere tilstanden før og etter utbygging, både på strekninga med bortført vatn og nedstraums kraftverksutløpet. Ved å føre utløpet frå reinseanlegget direkte inn på tunnelen til kraftverket, vert elva ned til kraftverket avlasta. Dette vil kunne redusere belastninga på strekninga med redusert vassføring, men det bør kartleggast om det ev. får konsekvensar nedstraums utløpet frå kraftverket.

RE sine kommentarar:

1. Tema kulturminne/kulturmiljø vart grundig utgreiia i førre runde (Breim kraftverk). Det er ikkje noko som tilseier at det meldte prosjektet (Re Energi) medfører endra konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø, men temaet vil likevel bli omtala i konsekvensutgreiinga basert på evt ny informasjon som har kome til dei siste åra.

2. Dette er eit vilkår vi er kjende med frå andre prosjekt og som vi legg opp til å få gjort også her.
3. Minstevassføring knytt til landskapsoppleving og friluftsliv vil bli utgreiast. Det same vil aktuelle tilretteleggingstiltak på land, som stiar langs elva og liknande.
4. OK. Vi vil bruke dei nyaste data for vasskvalitet i den oppdaterte utgreiinga.
5. Ja, vi vil sørge for å få dokumentert tilstanden før og etter utbygging, ref; «både på strekninga med bortført vatn og nedstraums kraftverksutløpet. Ved å føre utløpet frå reinseanlegget direkte inn på tunnelen til kraftverket, vert elva ned til kraftverket avlasta. Dette vil kunne redusere belastninga på strekninga med redusert vassføring, men det bør kartleggast om det ev. får konsekvensar nedstraums utløpet frå kraftverket.»

Statsforvaltaren i Vestland

1. *Statsforvaltaren legg til grunn at konsekvensutgreiinga for Re Energi kraftverk blir gjennomført i tråd med rettleiar M-1941. Vi har nokre få merknader til det føreslegne utgreiingsprogrammet.*
2. *Storaure blei særleg vektlagt i avslaget på konsesjonssøknaden for Breim kraftverk. Betre kunnskapsgrunnlag om storaure i Storelva, vurdering av konsekvensar, og forslag om avbøtande tiltak for storaure, står difor sentralt i konsekvensutgreiinga av ei ny og justert utbygging i vassdraget.*
3. *Det er planlagt nye undersøkingar av botndyrfaunaen, vassdekt areal ved foreslått minstevassføringsreglement, ungfiskkartlegging og gytefiskteljinar. Vi forventar at tema som oppstraums-/nedstraums vandring forbi kraftverksinstallasjonar og på utbygt elvestrekning, og endringar i fiskehabitat som følgje av redusert vassføring og endra massetransport som kan påverke fiskeproduksjonen, òg vil bli vurdert.*
4. *Terrestrisk naturmangfald skal vurderast ut frå konsekvensrapporten frå 2011, supplert av nye feltundersøkingar av mosar, lav og sopp i 2022. Den gongen blei feltarbeid gjort i fleire periodar, som inkluderte kartlegging av fugl hekkesesongen og botaniske undersøkingar i vekstsesong for karplanteflora. Ut frå at det har skjedd mykje på raudlista sidan 2011, og det har kome nye metodikkkrav, bør det nye kartleggingsprogrammet òg omfatte supplerande feltundersøkingar av fugl og karplanter.*
5. *Det er omtalt i meldinga at planlagt veg til inntaket ved Fløtre vil leggjast utanom den registrerte eskeren (sediment avsett i ein smeltevasselv under breen). Vi legg til grunn at eventuelle konsekvensar og avbøtande tiltak blir vurdert i konsekvensutgreiinga.*
6. *Vi legg til grunn at bruken av stein- og jordmassar blir planlagt i tråd med regelverket slik det går fram av Miljødirektoratets rettleiar M- 1243.*

RE sine kommentarar:

1. Vi legg til grunn at konsekvensutgreiinga for Re Energi kraftverk blir gjennomført i tråd med rettleiar M-1941.

2. Ja, det er også noko vi har kommunisert gjennom meldinga at vi vil gjere ei grundig undersøking av, slik at kunnskapsgrunnlaget for dette vil vere tilfredsstillande.
3. Tema som oppstraums-/nedstraums vandring forbi kraftverksinstallasjonar og på utbygt elvestrekning, og endringar i fiskehabitat som følge av redusert vassføring og endra massetransport som kan påverke fiskeproduksjonen, vil òg bli vurdert. Mykje av dette er ein integrert del av det nye konseptet.
4. Det blir utført nye kartleggingar her som er i tråd med rettleiar M-1941, herunder naturtypekartlegging iht. Miljødirektoratet sin instruks (NiN).
5. Ja, dette vil bli vurdert.
6. Ja, denne rettleiaren vil bli lagt til grunn for bruken av stein- og jordmassar.

Statens vegvesen

1. *Avkøyrslar. E39 er ein nasjonal hovudveg og vi ønskjer ikkje nye permanente avkøyrslar. Det må leggjast vekt på å finne tilkomst via allereie opparbeidde avkøyrslar til E39, og det kan ikkje påreknast å få løyve til nye avkøyrslar. Avkøyrslene skal vere utforma, eller utformast som del av anleggsarbeidet, i tråd med krav for avkøyrslar sett i vegnormal [N100 Veg- og gateutforming](#), sjå kapittel 4. Det vil gjelde både siktsone for aktuell fartsgrense og fall inn mot E39. Nye avkøyrslar, både permanente og midlertidige, må ha løyve etter veglova. Også utvida bruk av eksisterande avkøyrslar skal søkjast om.*
2. *Eventuelle verknader som følge av tiltaket på vegkroppen, inkludert moglege verknader av tunnelbygging og bruk av arealet mellom E39 og elva som massedeponi. Både alternativ for utbygging skal krysse i tunnel under E39. Det kan vere at tunnelane skal førast så djupt at arbeidet med dei ikkje vil ha verknader for vegen. Men dette skal uansett dokumenterast.*
3. *Verknader for veg og trafikk i anleggsperioden. Arbeidet under anleggsperioden vil kunne få verknader for vegen inkludert trafikk og trafikkavvikling. Omfanget av verknadane, mellom anna massetransport og annan anleggstrafikk via avkøyrslar må skildrast. Behov for omkøyring, trafikkregulering og moglege skader på toppdekke som følge av anleggstrafikk skal skildrast. Ved arbeid langs veg skal det utarbeidast arbeidsvarslingsplan.*
4. *Konklusjon: Utkast til melding med utgreiingsprogram er for lite skildrande i høve moglege verknader for E39. Tiltaket kan ha negative verknader for trafikken både i anleggs- og driftsfase. I tillegg kan det i anleggsfasen skje skade på vegkropp og dekke. Moglege negative verknader for trafikkfare og framkome må dokumenterast og utgreiingsprogrammet må skildre korleis dette skal gjerast.*

RE sine kommentarar:

1. Ok.
2. Ok.
3. Ok.

4. Det skal vi ta høgde for i søknadsdokument. Vi vil også ta initiativ til eit møte med Statens vegvesen om dette.

Mattilsynet

1. *Mattilsynet har ikkje fullstendig oversikt over alle private vassforsyningssystem i området. Det er viktig at det kjem fram at de har undersøkt om det er private vassforsyningssystem som kan verte negativt påverka av tiltaket. I tilknytning til KU-programmet vil vern av eksisterande og framtidige drikkevasskjelder vere viktige. Vi føreset at KU-programmet omtalar eventuelle negative konsekvensar for nedslagsfeltet og råvasskjelda. Eventuelle avbøtande tiltak for å sikre nok og trygt drikkevattn må identifiserast og fastsettast. Dette gjeld for både utbyggingsfasen og driftsfasen for kraftverket.*
2. *Mattilsynets innspel knytt til fiskehelse og fiskevelferd: Mattilsynet har forvaltningsansvar for å vareta god velferd hos fisk og tifotkreps og fremje god helse hos akvakulturdyr og andre akvatiske dyr. (Jf. Forskrift om omsetning av akvakulturdyr og produkter av akvakulturdyr, forebygging og bekjempelse av smittsomme sykdommer hos akvatiske dyr FOR-2008-06-17-819 og Forskrift om drift av akvakulturanlegg (akvakulturdriftsforskriften) FOR-2008-06-17-822). Mattilsynet peikar på at det er særleg plikt til aktsemd med tanke på å førebygge og forhindre risiko for spreining av smittsame sjukdommar til dyr, medrekna akvatiske dyr. Dyrevelferdslova seier at dyr, inkludert akvatiske dyr, skal behandlast godt og beskyttast mot fare for unødige påkjenningar og belastningar.*

Vår vurdering: Det er ikkje anadrome stammer av vill laksefisk i Storelva grunna vandringshindre mellom fjorden og Breimsvatnet. Elva har ein liten bestand av bekkeare. Det er storaure i Breimsvatnet, men desse går i lita grad opp elva. Det er i meldinga frå tiltakshavar lagt opp til fleire avbøtande tiltak for å sikre villfisk rundt inntaket til kraftanlegget, for å sikre passasje opp -og nedstraums forbi dammen, og for å sikre minstevassføring og tilfelle der vassnivået skulle synke plutsleg. Desse tiltaka er viktige slik Mattilsynet ser det, og tiltakshavar må sikre at dei blir tatt med vidare i planlegginga.

3. *Det må stillast krav til entreprenørar og andre relevante verksemdar om vask og desinfeksjon av anleggsmaskiner og anna utstyr før dei kan nyttast i og nær vassdrag. Under anleggsfasen vil det kunne oppstå avrenning frå anleggsvatn og frislepp av steinstøv, eller utslepp av kjemikaliar og olje frå maskiner, og entreprenør må kunne setje i verk naudsynte tiltak for å hindre skade på resipienten. Partiklar og kjemikaliar vil kunne påverke vill laksefisk negativt. Store mengder partiklar kan mellom anna irritere gjellene på fisk med påfølgjande auka slimproduksjon. Mykje slim på gjellene vil gi nedsett evne til å ta opp oksygen, og fisken vil kunne lide under dette.*
4. *Mattilsynet forvaltar plantehelseforskrifta og vårt ansvarsområde er å forhindre spreining av planteskadegjerarar som kan ha alvorlege samfunnsøkonomiske konsekvensar. Matlova § 18 stiller òg krav om at alle skal vise nødvendig aktsemd, slik at det ikkje oppstår fare for utvikling eller spreining av planteskadegjerarar. Uønskt spreining kan skje både med jordmassar som vert flytta og ved å bruke maskiner som har rester av jord, frø og planter. Faren for spreining er størst frå område med tidlegare eller noverande dyrka*

mark. Det er viktig at både utbyggjar og entreprenørar som skal planlegge og/eller utføre anleggsarbeid er seg sitt ansvar bevisst. Vi ber dykk lese denne informasjonen og ta omsyn til dette: [Risiko for spredning av planteskadegjerarar og floghavre i forbindelse med anleggsarbeid.](#)

RE sine kommentarar:

1. Ok. Dette vil bli gjort.
2. Ok. Dette vil bli gjort.
3. Det vil bli etablert oppsamlingsgrøfter/sedimentasjonsbasseng mellom planlagt deponi og elva, slik at ein får redusert tilførslane av ureining til vassdraget. Dette vil vi ha mykje fokus på i samband med utbygginga.
4. Ja, dette blir det lagt til rette for.

Direktoratet for mineralforvaltning

Bruk av overskotsmassar frå anleggsarbeid er eit viktig ledd i ei meir berekraftig forvaltning av mineralressursar. Massar av god kvalitet bør brukast til samfunnsnyttige formål framfor å bli deponert permanent. Dette bør følgast opp i det vidare arbeidet ved at planlagd massehandtering blir beskrive nærmare. Kvaliteten på massane bør undersøkast på eit tidleg tidspunkt slik at det avklarast kva dei kan brukast til, i tillegg til at areal til eventuell mellomlagring er sikra.

RE sine kommentarar:

Ja, dette blir det lagt til rette for.

Breim Bondelag

Breim Bondelag (org. 875825992) er positive til kraftverk i Storeelva i Gloppen kommune. Regulert vassdrag i landbruksområde gjev betre drenering av tilgrensa dyrka jord og reduserer flaumfaren

RE sine kommentarar:

Ja, dette blir det lagt til rette for.

Breim Vilt- og fiskelag

1. *Vi la vekt på mulegheiter for avbøtande tiltak i elva som bygging av tersklar, nedskyting av eit par mindre fossar og andre kompenserande tiltak at storauren kunne vandre oppover i vassdraget også ved mindre vassføring. Samt at utslepp frå kommunalt renseanlegg på Fløtre rett ovanfor inntaket vart ført direkte inn i kraftgata og utanom elva på strekninga. Store mengder stein opna også for mulegheiter for kombinasjon av førebygging langs elva og tilrettelegging for vandring og fisking langs elva. Bygdeutviklingsprosjetet den gongen var «Naturbasert reiseliv for alle» der det var spesielt tilrettelagt også for barn, eldre og funksjonshemma. Dåverandre utbyggarar var positive til ynskja både frå Fiskelaget og Bygdeutviklingslaget, og vi ber om at også dei nye utbyggarane blir pålagt å greie ut desse tinga.*
2. *Vi ynskje også at det vart sett av midlar til forskning om korvidt tiltaka for tilrettelegging for fisk/storaure hadde ynskt verknad, med mulegheiter for endringar. Vi peika m.a på tiltak som fisketeljarar, event kombinert med video slik at interesserte kan sjå fisken under opp- eller nedvandring, slik vi har sett i enkelte andre elvar.*
3. *Generelt om klimaendringar og at ein må ta høgde for dette i vidare søknadsprosess*

RE sine kommentarar:

1. Re Energi er også positiv til å utgreie dette vidare.
2. Dette er noko vi vil være positive til, men som vi må komme tilbake til etter ei eventuell utbygging.
3. Ja, dette blir det lagt til rette for.

Norges Miljøvernforbund (NMF)

1. *NMF vil tiltre støttende til de merknader og tema for konsekvensutredning som er fremført av Statsforvaltaren i Vestland datert 14.05.2024 (ref. 2023/14222), og vil tilføye følgende vedrørende Storelvas betydning som habitat for bl.a storaure, bunndyrfaunaen, ungfiskkartlegging og gytefiskkartlegginger. Cloudberry fremhever i kapittel 6.1.4 i sin melding til NVE for Re Energi kraftverk, at; 2 Det er en rekke vandringshindre mellom sjøen og Breimsvatnet, og det er derfor ikke anadrom fisk (laks eller sjørret) i Storelva. De undersøkelserne som er gjort indikerer at elva har en tynn bestand av bekkørret, og at gyte- og oppvekstforholdene er generelt dårlige. Unntaket er nedre deler av elva mot utløpsosen til Breimsvatnet. Dette skyldes i første rekke at vassdraget er sterkt brepåvirket og har dårlig sikt (høy turbiditet) i store deler av sommerhalvåret, at vannhastigheten er høy samt at substratet stedvis er svært grovt (lite gytegrus). Denne strekningen av elva er kjent som en god fiskeelv der det er mange store dype høler. Det vil være merkelig om det ikke skulle være god gytegrus i de delene av elva slik tiltakshaver hevder. Det skal også*

bemerkes at tiltakshaver selv oppgir at inntaksdammen vil fungere som en sandfelle, noe som sammenfaller med de erfaringene som er fra forrige demning i elva. Med andre ord må det antas at det er jevnlig tilførsel av gytegrus til høler og dypere partier av elvestrekningen. Dette må utredes grundig for hele elvestrekningen.

- 2. Tiltakshaver gjør også et poeng av at det sesongvis er høy turbiditet (lav sikt) i elva grunnet bresmelting. Når det gjelder bestand av storørret og elveørret er det også et tema at elva kan være viktig for storørretens beite/matsøk som sammen med bestand av bunnfauna kan variere gjennom året, og kan være viktig også i de delene av året der det er lite tilførsel av smeltevann. Derfor blir det viktig å ta fysiske prøver av bunnfauna og fisk gjennom forskjellige sesonger.*
- 3. NMF mener at de tema som er nevnt ovenfor må gjennomføres med nye feltundersøkelser og at den foreslåtte supplering av de undersøkelsene som ble foretatt i 2011 vil være utilstrekkelig til å kartlegge omtalte tema. Videre er det for samtlige utredningstema som er omtalt i melding også et poeng at disse vurderes med samlet belastning for regionen jf naturmangfoldloven §10, gitt at Gloppen med omkringliggende kommuner har vært gjenstand for omfattende vassdragsutbygginger og småkraftverk i flere av de tilsvarende vassdragene som her skal utredes.*
- 4. Tiltakshaver nevner også at overskuddsmasser (ca. 200 000 m³ tunnelmasser) vil bli avhendet/solgt i området. Dette må utredes nærmere da det også vil måtte påregnes at også Vegvesenet vil kunne ha et stort overskudd av slike masser på samme tid i forbindelse med tunnelarbeid mellom Utvik og Innvik.*
- 5. Videre vil NMF bemerke at nivåene for minstevannsføring det legges opp til vil være uforsvarlig lave, spesielt gjennom vinterhalvåret. Det må derfor gjennomføres nøyere kartlegging av konsekvensene av slik minstevannsføring, samt at det også legges inn en høyere minstevannsføring enn det som er fremlagt i melding.*

RE sine kommentarer:

1. Som vist til i kommentar til Statsforvaltar vil Re Energi utgreie dette temaet grundig.
2. Ja, dette er det lagt opp til.
3. Det er krevjande å greie ut for alle utbyggingar som har vore opp igjennom i regionen, men undersøkingane og konsekvensane vil skje på bakgrunn av «no» situasjon.
4. Som det er nemnt i Meldinga har alt Re Energi funne fleire alternativ for masseplassering og dette vil bli omtala i dei vidare søknadsdokumenta.
5. Det meldte prosjektet legg opp til ei miljøbasert minstevassføring, der ein har ei «basisvassføring» for høvesvis sommar- og vintersesongen, men der ein samtidig legg opp til å sleppe meir vatn i periodar som er kritisk for m.a. oppvandrande fisk. I tillegg vil ein sjå på andre tiltak som kan forbetre forholda for fisk på denne strekninga. Dette vil bli nærmere utgreiia i fagrapporten for akvatisk naturmangfald (fisk og botndyr).

1. Siden det over mange år har blitt mange vasskraftutbygginger i området, må det gjøres en kartlegging av hvordan disse påvirker vassdragene, naturmangfoldet og friluftslivet. Dette som en del av kunnskapsgrunnlaget som vurderinger kan bygges på.
2. Det må utredes hvordan masser skal håndteres, i hvilke områder det er aktuelt å deponere masser og mulige konsekvenser må belyses.
3. For å få mer klarhet i dette må det gjøres DNA-analyse på nytt, helst over tid for å kunne se på muligheter for sesongvariasjoner. Dette må utredes nærmere.
4. Siden overlevelse og gyting heng sammen med vannkvalitet må det også gjøres nye utredninger på dette. Det for å se om vannkvaliteten har endret seg siden 2011 og om dette kan knyttes sammen med kunnskap fra nye DNA-analyser
5. Det er derfor naturlig Multiconsults dekning av friluftsliv i 2011 blir oppdatert med nye data og vurderinger.
6. Sosiale forhold blir i for liten grad løftet opp i saker som forringer natur, vi har se andre steder at det er behov for å utgreie sosiale og helsemessige forhold. Dette må det gjøres en vurdering av også her.

RE sine kommentarer:

1. Å kartlegge dei faktiske konsekvensane av alle eksisterande vasskraftprosjekt i regionen ligg langt utanfor normale krav til utgreiing av nye prosjekt. Denne typen kartlegging og utgreiing må gjerast i regi av forskingsinstitusjonar, og ikkje i regi av private utbyggjarar av enkeltstående prosjekt.
2. Dette er det lagt til rette for i Meldinga.
3. Re Energi legg ikkje opp til å gjennomføre nye og kostnadskrevjande DNA-analysar i samband med konsekvensutgreiinga, men stiller seg positive til å sjå nærmare på dette etter at kraftverket evt er sett i drift (slik at ein kan sjå om andelen frå Storelva endrar seg i positiv eller negativ retning).
4. Re Energi vil oppdatere utgreiinga basert på nye data om vasskvalitet m.m., jf. tilbakemeldinga til Vestland Fylkeskommune.
5. OK. Utgreiinga frå 2011 vil bli oppdatert med ny informasjon frå perioden 2011-2024, herunder den kommunale kartlegginga av verdifulle friluftsområde.
6. Temaet vart utgreia i førre runde, og vi kan ikkje sjå at dette er ei spesielt relevant problemstilling. Temaet er difor ikkje foreslått vidare utgreia.

Sunnfjord Kajakklubb

I meldinga til Re Energi står det følgande: «Storelva blir også brukt til elvepadling, men ikke til rafting. Det eksakte omfanget av elvepadling i Storelva er vanskelig å anslå. Ifølge aktive personer i elvepadlermiljøet brukes elva relativt mye til elvepadling (kanskje rundt halvparten av bruksomfanget i Jølstra), mens folk som bor i området rapporterer om det er relativt sjeldan å se elvepadlere i Storelva.» Vi meiner det ikkje er vanskelig å anslå omfanget av elvepadling i Storeelva. Vi stiller oss spørjande til påstand om

halvparten av bruksomfang i forhold til Jølstra. Vi mistenker også eit motiv for underrapportering av registrert aktivitet frå grunneigarar og kommune. Elvepadlemiljøet i regionen forventer ei seriøs og upartisk utgreiing om elvepadling i Storeelva, og at dette blir vurdert opp mot eventuell nytte av ei kraftutbygging.

RE sine kommentarar:

Informasjonen ovanfor om bruksomfang vart innhenta frå representantar for elvepadlar-miljøet i samband med førre utgreiing (Breim kraft). Oppdatert informasjon vil naturleg nok bli innhenta, både frå elvepadlarmiljøet og frå grunneigarane ovanfor inntaksområdet (som ikkje har fallrettar/økonomiske interesser i det aktuelle prosjektet), slik at ein får eit best mogleg kunnskapsgrunnlaget om bruken av elva til elvepadling. Dette vil inngå som ein del av konsekvensutgreiinga.

Dagmund Moldestad (privat person)

Negativ til utbygging (ingen konkrete forslag til endring i KU-program)

RE sine kommentarar:

Ingen kommentar

Statnett

Vi oppfordrer til å starte prosessen om søknad om tilknytning tidlig. Søknad sendes lokalt nettselskap. Les mer om nettilknytning på våre nettsider1 . Kapasitet i overliggende nett må avklares gjennom denne prosessen.

RE sine kommentarar:

Det er alt søkt om tilknytning via områdekonsesjonær Linja.

Oppsummering

Vi vil med dette oversende våre kommentarar til innkomne høyringa, og ber om å bli kontakta om det er spørsmål her.

Vi ser at vi legg opp til å følgje mykje av dei innspela som er komme både frå Statsforvaltar mfl. og ser fram til å ta fatt på den vidare søknadsprosessen når KU-programmet blir oversendt.

Vennleg helsing Re Energi AS

Bård Moberg

Prosjektleder